

Invitasjon til Einar Økland-seminar

Utstillingsopning kl 17.30 inngår i seminaret

Sunnhordland museum
Museumsbakken 16, Stord

Torsdag 13. april

12.00–17.00

Program

- 12.00 Førpremiere** på utstillinga «Den vesle manns kunst», der delar av Einar Økland sine samlingar blir presentert i museet (sjå omtale).
- 13.00 Velkomen** ved Linda Øen, direktør for Sunnhordland museum, og ordstyrar Geir Netland, arenaleiar Haugesenteret i Nynorsk kultursentrum.
- 13.05 Du er så rar – Einar Øklands lyrikk for barn**
Hadle Oftedal Andersen, professor ved institutt for kultur- og språkvitskap, Universitetet i Stavanger.
- 14.00 Det folkelege blikket – samlaren Einar Økland**
Jorunn Veiteberg, dr. philos og forfattar.
- 14.55 Kaffipause**
- 15.15 Skrift som brukskunst – med utgangspunkt i Einar Øklands tekstar**
Aslaug Nyrnes, professor emerita ved Høgskulen på Vestlandet.
- 16.00 På leit etter det andre ikkje finn**
Einar Økland om sitt samlararbeid.
- 16.30 Avslutning og oppsummering.**
- 17.30 Velkomen til utstilling v/ publikumsansvarleg Charlotte Tvedte.**

Påmelding/registrering via billettsystem: [eBillett: Seminar Einar Økland](#)
Seminaret har fri inngang, men alle må reservere billett via eBillett.
NB! Seminaret har maks kapasitet 70 personar, så her det først til mølla!

For spørsmål og meir informasjon, kontakt;
geir.netland@nynorsk.no
Mobil 90 03 82 86.

«DEN VESLE MANNES KUNST»

Industrisamfunnet sine masseproduserte trykksaker og visuelle kultur



Gjennom 40 år har Einar Økland bygd opp ei stor samling av trykksaker innanfor populærkultur, barnekultur, bruksgrafikk og trivialkunst. Samlinga har vakse seg så stor at ho har fått nemninga «Økland-samlingane». Dei spenner vidt, men samla sett gjev dei eit portrett av skrift- og biletkultur i det moderne Noreg på 1900-talet.

Ein revolusjon innan produksjonsmetodar for papir og den nye, grafiske trykkteknikken fargelitografi på 1800-talet, gjorde det mogleg å nå ut til alle heimar. Trivielle trykksaker som annonser, emballasje, bokomslag, kulturplakatar, postkort, illustrasjonar i vekeblad og hefte, men også barnekultur i form av glansbilete, samlekort, malebøker, kort- og brettspel, bokomslag og anna småtrykk, blei masseproduserte. Alt saman var *bruksgrafikk* meint for å fanga merksemda og auka salet. Varesamfunnet skaut fart utover 1900-talet, og reklame blei eit eige fagfelt. Alle varene trong marknadsføring, anten det var produkt som skulle seljast, nye kundegrupper som skulle nåast, kunnskap som skulle formidlast eller tru, moral og verdiar som skulle forkynnast.

Barn blei ei slik ny kundegruppe. Dei hadde fått meir fritid som dei fylte med malebøker, brett- og kortspel. Bruken av visuelle verkemiddel blei meir målretta, mellom anna for å stimulera barn si samleglede. Små bilete og forteljingar for barn blei putta inn i tobakksesker eller vekeblad for kvinner. Og barna samla, i esker og i permar. Det forgjengelege blei til skattar dei kunne ta fram og sjå på – igjen og igjen.

Trykksakene på papir er ein del av vår eiga kulturhistorie og kan plasserast i feltet *visuell kultur*. Desse flyktige og forgjengelege trykksakene, som nærast dekorerte heimane frå tidleg 1900-tal og framover, var «den vesle manns kunst». Illustrasjonane er ofte dekorative, lyse og morosame og utan konflikatar, men me vil utfordra publikum til å sjå nærare på «forteljingane» bak. Kva verdisyn kjem fram? Kva fortel dei om blikket vårt på «oss» og «dei andre»? Kva for stereotypiar ser me når det gjeld familiemønster, kjønn, nasjonalitet og etnisitet? Og kva parallellar kan me trekkja til den visuelle kulturen som møter oss i vår eiga samtid? Trykksakene inviterer til analyse av retoriske og visuelle verkemiddel, fortolking og diskusjon.

Du er velkomen til opninga av utstillinga torsdag 13. april kl. 17.30!